

KASTANJETUNET SAMEIGE

HUSORDENSREGLAR

§ 1 FORMÅL

Formålet med husordensreglane er å fremje gode naboforhold ved å sikre ro, trivsel og tryggleik innomhus og utomhus.

§ 2 HUSORDENSREGLANE

Seksjonseigar pliktar å følgje sameige sine husordensreglar.

Seksjonseigar er ansvarleg for at medlemmane i hans/hennar husstand overheld husordensreglane. Det same gjeld andre personar han/ho har gjeve tilgang til eigedomen, ved bruksoverlating og utleige.

Brot på husordensreglane kan medføre erstatningsplikt og er å sjå på som misleghald jfr. vedtektene kap. 12

§ 3 RO

Alle bebuarar har rett til å forvente at det er ro i bustadane og på fellesområda frå kl 23 til kl 06.00 på kvardagar og fram til kl 10.00 i helgane og på heilagdagane.

Fest og selskap mellom kl 23.00 og 06.00 kan akseptast, men det vert forventa at nærmaste naboar vert varsla i god tid slik at dei får høve til å innrette seg deretter. På same måte vert det forventa at naboar vert varsla ved større vedlikehaldsarbeid i god tid før oppstart, eksempelvis ved renovasjon av bad og kjøken.

§ 4 BUSTADEN

Fasaden.

Sameige minner om at utskifting eller andre tiltak som påverkar fasaden av bygningane, samt større bygningsmessige endringar av bustaden innvendig ikkje er tillate utan skriftleg samtykke frå styre. Montering av utvendig solavskjerming /markise på fasadar samt etablering av leveggjar mellom leilegheitene er heller ikkje tillate utan skriftleg samtykke frå styret. I einiskilde tilfelle vil slike tiltak også krevje godkjenning av sameigemøtet før arbeidet og kommunal godkjenning før arbeidet kan settast i gang.

Vedlikehald.

VVS-installasjonar, elektriske arbeid, samt legging av membran i våtrom skal utførast av autorisert fagpersonell og i samsvar med gjeldande føreskrifter og faglege standardar på område, samt våtromsnorma utarbeidd av fagrådet for våtrom (FFV) og tryggleikskrava i føreskrift om elektriske lågspenningsanlegg.

Seksjonseigar skal kunne dokumentere overfor styre i sameige at vedlikehaldsarbeid er utført på ein fagleg forsvarleg måte. For tiltak på det elektriske anlegget i bustaden er elektroentreprenøren forplikta til å gje seksjonseigar samsvarserklæring ved installasjon av nye anlegg og ved endringar i eksisterande anlegg. Seksjonseigar skal sjå til at han tek i mot samsvarserklæringa samt eventuell underlagsdokumentasjon, og er plikta til å oppbevare dette for seinare kontroll. Ein viser elles til vedtektene kap. 5

§ 5 UTLEIGE

Seksjonseigar skal syte for at dei som bur i bustaden til kvar tid har fått eit eksemplar av sameiget sine husordensreglar saman med vedtektene.

§ 6 FELLESOMRÅDER

Fellesområda står til fri disposisjon for seksjonseigarane.

Seksjonseigarane vert oppmoda til å verne om fellesområda, slik som fellesrom, leikeplassar, garasjeanlegg, parkeringsplassar, grasplenar og vegetasjon elles. Vi omsyn til andre bebuarar og vegetasjon ved leik og ballspel.

Forlat alltid fellesområda slik du sjølv vil finne dei.

Avfallshandtering.

Seksjonseigarane skal til ei kvar tid rette seg etter gjeldande kommunalt regelverk for handtering av husholdningsavfall, papir og anna restavfall. Møblar, kvitevarer, bygningsavfall og liknande skal leverast på kommunal godkjent oppsamlingsplass, då slikt avfall ikkje kjem inn under sameige si avfallshandtering. Det er ikkje tillate å legge ut mat til fuglar, eller andre dyr på sameige sitt fellesareal.

Dugnad.

Dersom sameige har innført dugnadsordning skal denne ordninga administrerast av styret eller den styret gjev fullmakt.

Fyrverkeri, grilling .m.

Fyrverkeri er berre tillate i samsvar med kommunen sitt regelverk på område. Det vises til Førde kommune sine brannvernføresegner. Bruk av kullgrill på altan/balkong i blokkene er ikkje tillate.

§ 7 HUSDYRHOLD

Seksjonseigar kan halde husdyr under føresetnad av at husdyrhaldet ikkje er til sjenanse eller ulempe for andre i sameige, jf vedtektene pkt 2.3.2. Dersom partane finn det formålstenleg kan seksjonseigar inngå avtale om ansvarleg husdyrhald med sameiget sitt styre.

§ 8 FELLESE ANLEGG

Sameige sitt felles antenne- og kabelanlegg er til fri bruk for seksjonseigarane. Det er ikkje tillate å sette opp private radio og/eller tv antenner, parabolantenner eller andre utvendige installasjonar. .

§ 9 STYRET

Saker som seksjonseigar ynskjer styret skal fatte vedtak om, skal meldast skriftleg til styret.

Styret har teieplikt i alle saker som dei handsamar.

Skader.

Vasskader, lekkasjar, herverk og innbrot må meldast utan ugrunna opphald til styret, forretningsfører eller sameige sitt forsikringsselskap.

Andre skader som oppstår på sameiget sin eigedom skal meldast til styret innan 3 dagar. Ved akutte skader, herverk og brann må naudetatane kontaktast.

-----§§-----